



Tre fornøgde uskedelingar på veg heim etter konsert med Walter Trout.

**Denne helga vert Skånevik Bluesfestival 2016 arrangert. Mange kvinnheringar og uskedelingar reiser til denne fesivalen, som verkeleg har sett Skånevik på blueskartet, kvart einaste år. Tre av dei er Kurt Haugland, Magne Huglen og Bjarne Lilleaas. Nedanfor deler dei årets oppleving med lesarane.**



Walter Trout på scenen.

I 2004, altså for 12 år sidan, hadde Kurt Haugland og undertekna ei sjelsetjande oppleving på Skånevik Bluesfestival. Vi fekk ved eit reint tilfelle høyre den amerikanske bluesrock gitaristen Walter Trout. Han gjorde eit usletteleg inntrykk. Vi sto rett ved scenekanten og fekk regelrett hakeslepp. I mellomtida har mannen skifta lever og vore bortimot daut. I følgje han sjøl måtte han starte opp igjen nesten på scratch, øvde 8 timar om dagen i ei lang periode.

Heldigvis kunne vi i gårkveld konstatere at han var back in business, like kraftfull som før! Elles kan vi no fredag kveld tilrå konsert med Beth Hart. Ein svært dyktig artist.

Denne gongen hadde vi Magne Huglen med som støttekontakt. Han var like imponert som oss andre. Vi kjempa oss over Husnesfjorden i bortimot liten storm for å kome fram, men kva gjere ein ikkje for god blues.



På veg heim med Skånevik i bakgrunnen.

Informasjon om festivalen og artistane får de og på [dette klippet på TV Haugalandet](#).

Tekst: Bjarne Lilleaas  
Foto: Kurt Haugland  
Nett: Thor Inge Døssland